

Informasjon frå Vestnes kommune

# Klipp hekkar og busker

Trafikktryggleik er også ditt ansvar



Har du tenkt på at buskene dine kan bli årsak til ei tragisk trafikkulykke?


**Bli med på ein dugnad for å unngå ulykker i ditt nærområde.**

Eig eller disponerer du ein eigedom med avkjørsle til veg eller gang- og sykkelveg? Då har du ansvar for å sørge for fri sikt ved di avkjørsle. (jf. Veglova §31 og §43).

Om eigedomen din ligg inntil eit vegkryss f.eks. i eit regulert bustadfelt, er det også begrensningar for høgde på hekkar og busker inn mot krysset.

**God sikt er ein føresetnad for at du skal få auge på gåande og syklande som kryssar avkjørsla di.**

**Slik sørger du for fri sikt når avkjørsla di kryssar gang- sykkelveg eller fortau.**




**Dersom avkjørsla di kryssar gang- og sykkelveg** må høgde på hekk og gjerde ikkje overstige 0,5 meter over gateplan i frisiktsona.

**Klipp enten hekken din** slik at den held seg under 0,5 meter (alternativ 1) eller flytt gjerde og/eller hekk utanfor frisiktsona, merka med rosa farge (alternativ 2).

**Det må vere 3 meter fri sikt inn i avkjørsla.** Det betyr at når du står 3 meter inn i avkjørsla di skal du kunne sjå midten av gang- og sykkelvegen 30 meter til kvar side.


**Merk at frisiktsona bør utvidast** ut over 30 meter dersom gang- og sykkelvegen hellar og syklistane held høg fart.

## Dersom avkjørsla di munnar ut i vegen:



Høgde på hekk og gjerde skal ikkje overstige 0,5 meter over gateplan. Hekk og gjerde kan også flyttast utanfor frisiktsona, merka med raud stipla strek. Det må vere 4 meter fri sikt inn i avkjørsla. Det betyr at når du står 4 meter inn i avkjørsla di, skal du kunne sjå vegen 45 meter til kvar side dersom fartsgrensa er 50 km/t, og vidare aukar avstandane med farten slik figuren viser.

## Dersom du har tre ut mot veg, fortau eller gang- og sykkelveg



Du må ikkje la greiner henge lågare enn 5 meter over vegbana. Over fortau og gang- og sykkelveg må ikkje greiner henge lågare enn 3 meter. Eigaren av trea er også ansvarleg for fjerning av greiner som dett ned.

Når du får denne informasjonen og les oppmodinga vår, så håpar vi at du gjennomfører nødvendig beskjæring slik at alle kan gå, sykle eller køyre trygt forbi din eigedom.



**Takk for at du vil gjer ein innsats for å hindre trafikkulykker i Vestnes.**

Ved spørsmål, ta kontakt med:

Vestnes kommune, Tekniske tenester, tlf. 71 18 40 00  
eller send e-post til [postmottak@vestnes.kommune.no](mailto:postmottak@vestnes.kommune.no)



midt i blinken